



Høringsuttalelse

fra

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS)

vedr.

Utkast til forskrift gitt i medhold av forskningsetikkloven

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab stiller seg positivt til Kunnskapsdepartementets arbeid med utforming av forskrifter for oppnemning til og sakshandsaming i Utvalet for gransking av redelighet i forskning (Granskingsutvalet) og andre etikkutval. Selskabet ser det som både viktig og naudsynt at det blir lagt premissar for arbeidet med etiske spørsmål i norsk forskning. Loven av 30. juni 2006 nr 56 skal vere ein reiskap for å ivareta best mogeleg dei etiske sidene ved norsk forskning, noko vi kjenner oss trygge på at den vil vere eigen til.

Men samstundes kan loven bli eit tveegga sverd. For når det er etablert mekanismer for å trekke vitenskapsfolk til ansvar, vil det samtidig ligge til rette for at urette anklagar kan setjast fram, både gjennom media og frå fagfolk. Det er difor overmåte viktig at retningslinene for etikkarbeidet er slik at vernet mot urette anklagar står like sterkt som arbeidet med å avsløre uredelighet i forskning. Med andre ord: Urettmessige anklagar om fusk i forskning, er like alvorleg og skadelege som forskingsfusk. Det er mellom anna med ei grunnhaldning som tek omsyn til også dette momentet, vi kommenterer utkastet til forskrift som ligg føre i Departementets notat av 12.01.2007. Vi kommenterer dei punkt som Departementet spesielt har peika på som følger.

Første punkt, §8, om habilitet : Skal etikkutvala halde oppe ein usvekka autoritet og dermed fungere etter intensjonane, må habiliteten til medlemene stå sterkt. DKNVS meiner det vil vere nødvendig at kvart medlem av komite eller utval må ta stilling til sin habilitet i kvar sak som skal opp. Det vil då vere naudsynt å legge hovudansvaret på den enkelte ved at spørsmålet blir reist uttrykkeleg ved opninga av kvart møte. Der eit enkeltmedlem kan vere i tvil om eigen habilitet, må dette dermed nemnast og deretter diskuterast i komitéen eller utvalet. Møtet må då ta stilling til om vedkomande skal skytast ut i ei gitt sak.

Andre punkt, §8, om rett til å møte i komite/utval : Det er ein grunnleggande rett i vårt samfunn å kunne forsvare seg mot anklagar. Sjølv om det blir gjeve høve til å forklare seg skriftleg, kan dette ikkje kome i staden for å gje ei personleg framstilling i møte med komité eller utval. Det må vere høve til begge deler både ut frå personvernomsyn og ut frå kravet om best mogeleg saksutgreiing. Vi er ikkje i tvil om at dette er til beste for alle partar og er usamd med Departementets intensjon på dette punktet.

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS)

Tredje punkt, § 10, om konklusjonen: I vår tid er gruppe- eller teamarbeid ei dominerande arbeidsform i forskning. Om eitt medlem av ei gruppering er uredeleg i samband med eit fellesarbeid, blir automatisk alle som har teke del i arbeidet mistenkte inntil det eventuelt blir vist at berre denne eine er ansvarleg. Det er då overmåte viktig å frikjenne dei uskuldige på ein måte som gjer dei i stand til å gå vidare utan for stor skade på sitt renommé og sin karriere. Vi meiner det er heilt riktig og naudsynt å gjere status til medarbeidarane klar: uredeleg eller redeleg. Dette gjeld sjølv sagt for alle som er impliserte. Og det same må gjelde uansett type sak det dreier seg om. Vi sluttar oss til Departementets intensjon, og er samd i at eventuelle kritikkverdige forhold likevel bør kunne påtalast i tillegg, sjølv om konklusjonen var at vedkomande ikkje har vore uredeleg.

Fjerde punkt, § 10, om beviskrav: Vi sluttar oss til Departementets intensjon om å kreve kvalifisert sannsynlighetsovervekt for å legge eit konkretisert faktum til grunn som bevis.

Til slutt vil vi komme med følgjande kommentar: I Departementets brev side 15 blir det peika på at den saka gjeld, kan bli sagt opp. Vi vil her peike på det omvende forholdet: At den som har vore mistenkt, spesielt når det gjeld tilfeller der kollegaer har lagt fram anklagen, er i ein ytterst sårbar situasjon. Det å skulle omgåast sin klagar på arbeidsplassen etter ei etikkgransking, kan bli så belastande at vedkomande seier opp stillingen sjølv om ho/han er uskuldig. Det bør difor ikkje vere utan konsekvens for den som utan skjellig grunn klagar ein forskar. Reglane bør vere slik at den som slik unødig påfører andre skade, og i den forstand er uredeleg, får like streng reaksjon som den som opptrer uredeleg i si forskning.

Trondheim, 28. mars 2007